



2007

ÅRSMELDING

SUNNHORDLAND KRAFTLAG



Energi til utvikling



RESULTAT

266 MILK 😊



PRO

'06

## Rekordår for SKL

SKL skal vere eit selskap i vekst og utvikling. Ser vi attende på 2007, kan vi trygt seie at det stemmer. Kombinasjonen av store tilsig og drift i Blåfalli Vik kraftverk gav oss ny rekord i kraftproduksjonen. Vi kan også presentere det beste økonomiske resultatet for selskapet noko sinne.

2007 var eit år med stor aktivitet. Den positive trenden frå tidlegare år heldt fram både med omsyn til nye satsingar og gjennomføring av viktige prosjekt. Viktige milepålar var opninga av Blåfalli Vik kraftverk, kjøp av distribusjonsnettet i Stord og byggjearbeid for den første rørtraseen for naturgass i Stord. For å sikre auka tilgang på rein og fornybar kraft har det vore arbeidd med ei rad prosjekt, ikkje minst på småkraft, men òg innan vindkraft gjennom deleigde Vestavind Kraft.

Høg aktivitet i nye og gamle forretningsområde har ført til stort arbeidspress i heile organisasjonen, noko som er blitt takla med entusiasme og flott innsats frå alle våre tilsette. Det er òg gledeleg å konstatere at kompetanseutviklinga er svært god, og rekrutteringa viser at SKL står fram som eit attraktivt selskap i arbeidsmarknaden.

Magne Heimvik, adm dir

STERKA

FRAMT





DUKSJON

'07



KONSERN  
01.01.2009

RE FOKUS

SKL

IDS RETTA

NATURGASS



MILJØPERSPEKTIV

~~OLJE~~ ~~DIESEL~~

VISION:

EIT KRAFTSENTER  
FOR FRAMTIDRETTA  
ENERGI-DRIFT/MS

Mål: effektiv og kompetent  
kraftprod. og netting

BREIBAND

Tilbud til ALLE

60%

BLÅF

JUNI

RESSUR

230

Verdskaping

SM  
KE

LOKALE  
RESSURSER

## Dette er Sunnhordland Kraftlag AS

Sunnhordland Kraftlag (SKL) blei stifta i Stord i 1946 som eit regionalt samarbeidstiltak for å sikre stabil og tilstrekkeleg tilgang på elektrisk kraft til Sunn- og Midthordland. I 1951 blei samarbeidet utvida til òg å omfatta Haugalandet.

Dei primære forretningsområda våre er kraftproduksjon, overføring og distribusjon av kraft og krafthandel engros. Dei siste åra er dette supplert, mellom anna med overvakingstenester for andre distribusjonsselskap, utbygging og utleige av infrastruktur til kommunikasjon, sal av tenester innan netteknologi og IKT, utbygging av fiberbasert breiband til privatmarknaden og distribusjon av naturgass.

Ved inngangen til 2008 hadde SKL 112 tilsette og fire lærlingar. Omsetninga i 2007 var 703 millionar kroner.

# Høgdepunkt 2007

Frå 1. januar tek SKL over distribusjonsnett i Stord, og får **8.000 nye kundar**.

Same månad blir det nye kraftverket **Blåfalli Vik fasa inn på nettet for første gong**. Dette er den **største utbygginga i selskapet si historie**, med ei investering på 550 millionar kroner og ei byggetid på tre år.

I mars kjøper SKL småkraftverket Lundsæter i Stord. **Ved utgangen av 2007 arbeidde SKL og samarbeidande selskap med omlag 25 småkraftprosjekt**.

20. juni opnar olje- og energiminister Odd Roger Enoksen **Blåfalli Vik kraftverk**. I juni blir også dei første røyra i det nye distribusjonsnett for **naturgass** lagde i jorda.

Vestavind Kraft, som har SKL på eigarsida, sender i oktober førehandsmelding til NVE for eit stort, **flytande vindkraftanlegg** utanfor kysten av Selje og Vågsøy i Sogn og Fjordane.

I november passerer SKL for første gong i historia ein produksjon på over 2 TWh i eit kalenderår, og årsproduksjonen blei rekordhøge 2,5 TWh. Denne månaden blir også **breibandkunde nummer 1.000** kopla opp.

Styret vedtek i desember at SKL skal ha ein **konsernstruktur med morselskap og tre dotterselskap**, eitt for kvart av forretningsområda produksjon, nett og marknad.

## Innhald årsmelding 2007

Hovudtal	6
Selskapsstruktur og organisasjon	8
Kraftproduksjon og kraftomsetning	10
Nett	16
Anna verksemd	20
Styret si årsmelding	22
Resultatrekneskap	28
Kontantstramanalyse	30
Notar	31
Nøkkeltal	37
Revisors beretning	38

## Hovudtal 2003 - 2007

		2007	2006	2005	2004	2003
<b>RESULTATREKNESKAP</b>						
Omsetning	mill. kr.	703	745	634	582	701
Driftsresultat	mill. kr.	348	432	339	304	362
Årsoverskott etter skatt	mill. kr.	266	230	191	172	206
Utbytte	mill. kr.	240	228	188	169	205
<b>BALANSE</b>						
Totalkapital	mill. kr.	2 596	2 362	1 883	1 740	1 565
Eigenkapital	mill. kr.	1 059	1 030	890	904	900
Soliditet (eigenkapital i % av totalkapital)	%	40,8	43,6	47,3	51,9	58,0
Likvidetsgrad 1 (omløpsmidlar i % av kortsiktig gjeld)	%	63,7	45,9	55,1	69,0	53,0
<b>RENTABILITET</b>						
Totalrentabilitet (Resultat før rentekostnader i % av totalkapital)	%	14,9	21,5	19,7	18,8	23,9
Eigenkapitalrentabilitet (før skatt) (resultat før skatt i % av gj.sn. eigenkapital)	%	31,2	45,8	37,8	32,5	39,8
<b>ÅRSVERK</b>						
Årsverk per 31.12.		108	109	103	71	73





Vi har eit mål om null fråver grunna ulukker på arbeidsplassen. Vi var nære ved å nå dette målet i 2007.

# Selskapsstruktur og organisasjon

## Aksjonærforhold

SKL har tradisjonelt vore, og er enno, eit regionalt eigd selskap. Etter kapitalutvidinga mot Haugalandet i 1951 var aksjonærforholda uendra i 45 år, fram til utgangen av 1996. Då kom BKK inn på eigarsida etter kjøp av aksjepostar.

### Fordeling av aksjar pr 1. mars 2008:

Aksjonær	Aksjetal	Prosent av aksjane
BKK AS	1106	33,4
Finnås Kraftlag PL	332	10,0
Fitjar Kraftlag PL	111	3,4
Fjelberg Kraftlag PL	98	3,0
Haugaland Kraft AS	1340	40,5
Skånevik Ølen Kraftlag PL	85	2,6
Stord kommune	70	2,1
Tysnes Kraftlag PL	165	5,0
<b>Sum</b>	<b>3307</b>	<b>100</b>

## Eigarvilkår

Det er ikkje forkjøpsrett til aksjane, men overdraging krev styret sitt samtykke.

## Styret

Styret har 8 medlemmer. 5 blir valde av generalforsamlinga, Hordaland fylkeskommune oppnemnar 1 og dei tilsette vel 2.

## Administrativ organisering

Fokus på resultatkrav og tilrettelegging for ei meir team- og prosjekterelatert arbeidsform innan alle område ha vore sentrale føringar for SKL si overordna organisering. Dei siste åra har selskapet fått tilført mykje god kompetanse, samtidig som det ligg utfordringar i å auke talet på tilsette i slikt omfang som det er gjort dei siste åra. Det set store krav til leiarkompetanse, organisasjons- og personalutvikling, gjennomføringsevne og tilrettelegging for eit godt arbeidsmiljø.

Frå 1. januar 2009 vert selskapet konsernorganisert med eitt morselskap og tre dotterselskap, eitt for kvart av forretningsområda produksjon, nett og marknad.



Per Ove Kviteberg

Jan-Petter Myhre (tilsette)


Atle Neteland (varaleiar)

Kristoffer Vannes


Reidar Pedersen (styreleiar)



### Eigarforhold



### Organisering



Samla årsverk pr 1. januar 2008 er 108,2 fordelt på 112 tilsette. I tillegg kjem 4 lærlingar.

Styret i 2007 / 2008



# Kraftproduksjon og kraftomsetning

## Organisering

Produksjonsdivisjonen har som hovudoppgåve å syte for at produksjonsanlegga er tilgjengelege og operative når marknaden krev det.

Ressursutviklingsdivisjonen har ansvaret for produksjonsplanlegging, kraftomsetning og utvikling av ny kraft frå tilgjengelege vind- og vasskraftressursar.

## Generelt om kraftanlegga

Det nye kraftverket Blåfalli Vik kom i drift tidleg i 2007 og vart første gong fasa inn på nettet 27. januar. Etter dette er SKL sin midlare kraftproduksjon oppjustert til 1625 GWh medrekna konsesjonskraft. Oppjusteringa er eit resultat av ferdigstilling av Blåfalli Vik og forventa auka middeltilsig til kraftverka. 86% av produksjonen skjer i 8 heileigde kraftverk, medan resten kjem frå Sima kraftverk i Eidfjord kommune kor SKL etter avtale med Hordaland fylkeskommune har kjøpt retten til 8,75 % av driftsklar maskinkapasitet, tilsig og utbygd magasinkapasitet.

Dei heileigde kraftverka ligg i Matre i Kvinnherad kommune (Blåfalli), Eikelandsosen i Fusa kommune og Børtveit og Lundseter i Stord kommune.

Alle SKL sine kraftverk har konsesjon utan heimfall.

Kraftverk	Middelproduksjon GWh	Installert effekt MW	Produksjon 2007 GWh	Produksjon 2006 GWh	Byggeår
Blåfalli Vik	710	230	809		2007
Blåfalli I		5	11	48	1984
Blåfalli II		72	135	586	1953,57,60,63
Blåfalli III H	460	100	649	485	1968,73
Blåfalli III L	16	5	23	15	1976
Staffi kraftverk	16	4	23	16	2000
Blåfalli IV	70	12	85	71	1981
Blåfalli V	24	8	37	26	2002
<b>Sum Blåfalli</b>	<b>1296</b>	<b>436</b>	<b>1772</b>	<b>1247</b>	
Sima (SKL sin del)	233	98	344	188	1983
Eikelandsosen	88	30	124	76	1986
Børtveit	8	2	11	8	1921/92
<b>Sum</b>	<b>1625</b>	<b>566</b>	<b>2251</b>	<b>1519</b>	

**Tabellen ovanfor syner hovuddata for SKL sine kraftverk, og produksjon i 2007 og 2006.**

## Drift og vedlikehald

Produksjonsdivisjonen si hovudoppgåve er å syte for at produksjonsanlegga er tilgjengelege og operative når marknaden krev det. Det blir difor fokusert på ein effektiv, resultatorientert og profesjonell måte å driva anlegga på.

Selskapet sine reguleringsanlegg, kraftverk, bygningar og øvrige anlegg er kontrollerte og vedlikehaldne på vanleg måte i 2007. Det elektroniske vedlikehaldssystemet Jobtech som vedlikehaldsverktøy blir nytta fullt ut på alle vedlikehaldsområde, også for reguleringsanlegga.

Oppfølging av styresmaktene sine krav for dammar har medført at dei største enkeltoppgåvene også i 2007 er knytte til reguleringsanlegga. Mellom anna opprustinga av Møsevassdammen og dam Svartavatn.

Det har vore gjennomført planlagde vedlikehaldsoppgåver på dei fleste av anlegga, men noko mindre enn opphavleg tenkt. Hovudfokus for divisjonen har vore utprøving og idriftsetjing av det nye kraftverket Blåfalli Vik. Reorganisering av prosjektet frå 1. januar 2007 medførte betydeleg auka innsats fram mot permanent drift, og frå mai har anlegget vore i normal drift. Det har oppstått ymse feil. Manglar har blitt avdekka, men i sum ikkje meir enn ein kan forventa av eit anlegg i ein slik storleik.

Blåfalli I og Blåfalli II Kraftverk blei fasa ut i desember 2007 med tømning av vassveg og demontering av høgspenitanlegg.

HMS- arbeidet har som tidlegare hatt eit sterkt fokus, og det har ikkje vore personskadar med fråvær i 2007.

Den systematiske registreringa av tilgang til kraftverka syner ei samla oppetid på 99,7 %. Ikkje driftsklar tid er i hovudsak knytt til korte stansar for nødvendig driftstilsyn.

### Utviklings- og investeringsprosjekt

Det er i 2007 investert til saman 98,3 mill kr i bygging og utgreiing av kraftanlegg, både reinvesteringar og nyanlegg.

### Opprusting- og utvidings prosjekt

Blåfalli Vik representerer også i år den klart største enkeltinvesteringa, og idriftsetjinga av anlegget er ein viktig milepåle i selskapet si historie. Anleggsarbeidet tok til i april månad 2004, og det meste var gjennomført fram til årsskiftet 2006/2007. Kraftverket vart første gong fasa inn på nettet 27. januar 2007 og kom i ordinær drift i mai, etter tre månadar prøvedrift. Den nye stasjonen erstattar Blåfalli II og Blåfalli I, som vart endeleg nedlagde og fråkople i desember. Det nye kraftverket har ein installert effekt på 230 MW. Årleg produksjon vert om lag 710 GWh. Produksjonen dette året vart 809 GWh. Kostnadsramma på prosjektet er totalt på 555 mill kr, inkludert nettilknytning. Det gjenstår investeringar på omlag 15 mill kr fram mot komplett ferdigstilling av anlegget med fullføring i 2008.

Konsesjonssøknad for overføring av øvre del av Eikemoelv til Blåfalli vart sendt til NVE i september månad. Årleg produksjonsauke i kraftverka Blåfalli III og Vik er rekna til 65 GWh med ein kostnad på omlag 140 mill kr. Avklaring på konsesjon er venta i slutten av 2008.

Opprustinga av Møsevassdammen i Matre og ny veg er fullført dette året, med unntak av noko landskapsarbeid og tilrettelegging av snu- og parkeringsplass som er planlagt utført sommaren 2008. Ved Svartavatn på Stord er det utført rehabilitering av ein fyllingsdam og ein gammal murdam, begge frå rundt 1920. Arbeidet starta i 2006, og vart nær ferdigstilt 2007. Noko plastringsarbeid, ferdigstilling av damtopp på fyllingsdammen og noko landskapsarbeid står for fullføring i 2008. Til saman er det investert 13,7 mill kr på Møsevatn og Svartavatn i 2007.

Utvendige fasadar på Børtveit kraftstasjon er rehabilitert med godt resultat, ei investering på 1,2 mill kr.

Gjennom medeigarskap i AS Saundefaldene har SKL i 2007 vidareført si deltaking i Saudaprojektet. AS Saundefaldene fekk utbyggingskonsesjon 18. juni 2003, og vedtak om utbygging vart gjort i mai 2005. Etter den tid har det vore hektisk anleggsverksemd. Ved utgangen av 2007 var store delar av anleggsarbeidet gjennomført. Planlagt prøvedrift er sett til mai 2008. Utbygginga gir 490 GWh ny kraft. Totalt skal det investerast vel 2000 mill kr, som gjeld både nye anlegg og fornying av gamle.

Lundseter kraftverk er eit lite kraftverk i Stord som SKL kjøpte frå BKK i juli 2007. Kraftverket er 74 år gammalt og har ein installert effekt på ca 700 kW med ein middels produksjon på 2,5 GWh/år. Kraftverket er under fornying og nytt aggregat er planlagt installert i løpet av 2008.

### Småkraft

SKL har eit omfattande småkraftengasjement. I 2007 vart det inngått 5 nye avtalar med grunneigarar om leige av fallrettar, med eit samla potensial på om lag 60 GWh. I alt arbeidar SKL og samarbeidande selskap no med om lag 25 prosjekt. Det er inngått avtalar for 16 av dei, og konsesjonssøknad er ferdig utarbeidd for 12.

### Vindkraft

SKL har lagt si vindkraftsatsing inn i Vestvind Kraft AS, som SKL eig saman med 6 andre kraftselskap på Vestlandet.



Vestvind Kraft AS arbeider med ei rad vindkraftprosjekt langs heile vestlandskysten, både åleine og saman med andre. Det gjeld alt frå kartlegging av muligheter til førehandsmeldingar og konsesjonssøknader. Selskapet er mellom anna medeigar i Havsul II, som er ein større vindpark utanfor kysten av Sunnmøre.




## Produksjon

I Matre kom det 4054 mm nedbør i 2007. Det er omlag 42 % over normalen. Mest nedbør kom det i januar med 674 mm. Snømengden i fjellet var òg godt over normalen. Temperaturen var 0,6 grader over normalt for året.

I 2007 var tilsiget svært høgt og enda på heile 2183 GWh til SKL sine magasin. Det er omlag 34 % over normalen. Tilsigsavviket var størst i perioden frå april og ut september. Magasininnhaldet ved årets slutt var 4 % under middelverdi for dei 10 siste åra, og 112 GWh lågare enn ved inngangen til året 2007.




Grafen nedanfor syner at magasininnhaldet var historisk høgt ved utgangen av året.



Årsproduksjonen vart rekordhøg med 2251 GWh, fordelt med 1772 GWh i Matre, 124 GWh i Eikelandsosen, 10,5 GWh i Børtveit og 344 GWh i Sima. Vasstapet vart 58 GWh. Samla produksjon var 38 % over normalen.

Årsproduksjonen vart rekordhøg med 2251 GWh, fordelt med 1772 GWh i Matre, 124 GWh i Eikelandsosen, 10,5 GWh i Børtveit og 344 GWh i Sima. Vasstapet vart 58 GWh. Samla produksjon var 38 % over normalen.

Den norske kraftproduksjonen i 2007 vart 136,1 TWh, som er 16,4 TWh høgare enn normalen på 119,7 TWh. Kraftforbruket i Norge var ca 126 TWh, ein auke på 4% frå året før. Forbruksauken var 3,3 % i alminneleg forsyning, men temperaturkorrigert 2,2%. Kraftintensiv industri auka med 0,9%.



## Kraftomsetning


SKL sel sin kraftproduksjon i engroskraftmarknaden. Selskapet har som føresetnad å maksimera verdien av produksjonen gjennom å vurdere verdien av tilgjengeleg vatn mot faktisk og forventa spotpris. Etter å ha sett i drift nytt Blåfalli Vik kraftverk har produksjonsmønsteret i Blådalsvassdraget endra seg slik at ein no har større effekt og produksjonsfleksibilitet.

Ved inngangen til 2007 var magasin situasjonen i Norden god. Det same var snømagasina i fjellet. Kraftprisen begynte å falle allereie ved årsskiftet 2006/07, og falt vidare utover våren og sommaren som følgje av stort produksjonspress hjå vasskraftprodusentane. Den høge vasskraftproduksjonen førte til mindre behov for kolkraft, og CO<sub>2</sub>-kostnadene falt òg. Dei lågaste prisane fekk ein i juli og august, samstundes med at ein fekk ein del vasstap spesielt i Sør-Norge. Med utsikt til høgare CO<sub>2</sub>-kostnader frå 2008, og kontroll over vassdraga i Norge steig spotprisen raskt utover hausten.

Gjennomsnittleg områdepris for første kvartal vart 21,5 øre/kWh, andre kvartal 17,6 øre/kWh, tredje kvartal 9,5 øre/kWh og fjerde kvartal 33,8 øre/kWh. Snittprisen for året vart 20,6 øre/kWh, ein nedgang på 48 % frå 2006 då snittprisen var 39,7 øre/kWh. Den låge snittprisen i 2007 er eit uttrykk for store svingingar i ressurs situasjonen i eit system med store vasskraftressursar. I tillegg kjem innverknaden frå kvoteprisen for CO<sub>2</sub>. Ein auke i prisane på CO<sub>2</sub> frå 2008 gav eit løft i spotprisane allereie hausten 2007.

Selskapet sitt totale fysiske kraftsal i 2007 var på 2 372 GWh, medrekna tap i regionalnettet. Dette vart dekkja gjennom eigenproduksjon på 2 251 GWh og eit kraftkjøp på 121 GWh. Omsetninga utover eigenproduksjonen har stort sett samanheng med handel som følgje av skeivfordeling av eigenproduksjonen i høve til kontraktsporteføljen og handel knytta til optimalisering av eigenproduksjon.

## Gjennomsnitt vekepris



Ein del av SKL sin kraftproduksjon vert prissikra gjennom fysiske og finansielle kontraktar. For 2007 gav prissikringa inntekter under løpande marknadspris, som ei følgje av fallande prisar utover året.

Krafttilgang i GWh	2007	2006	2005
Eigenproduksjon	2251	1519	1890
Kontraktskjøp	0	0	0
Nord Pool/Statnett	121	77	40
Utvekslingskraft	0	0	0
<b>Sum</b>	<b>2372</b>	<b>1596</b>	<b>1930</b>

Kraftsal i GWh	2007	2006	2005
Kontraktssal*	52	50	125
Konsesjonskraft	119	111	109
Nord Pool/Statnett	1389	543	825
Nettap	65	50	57
Utvekslingskraft	842	842	814
<b>Sum</b>	<b>2372</b>	<b>1596</b>	<b>1930</b>

Tabellen overfor syner krafttilgang og kraftsal for åra 2005, 2006 og 2007.

## Resultat

Kraftproduksjon og –omsetnad syner følgjande resultat for dei tre siste åra:

Alle tal i 1000

År	2007	2006	2005
Energisal	474 652	549 517	428 485
Sal av overføringstenester	0	800	898
Andre driftsinntekter	7 579	2 129	6407
<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>482 231</b>	<b>552 446</b>	<b>435790</b>
Energikjøp	27 438	28 667	8967
Kjøp av overføringstenester	10 394	2 513	3232
Løn og andre pers. kostnader	27 423	23 405	21538
Andre driftskostnader	18 294	21 337	21070
Eigedomsskatt, avgifter	34 898	27 309	24971
Avskrivningar	43 878	41 042	40003
<b>Sum driftskostnader</b>	<b>162 325</b>	<b>144 273</b>	<b>119781</b>
<b>Driftsresultat</b>	<b>319 906</b>	<b>408 173</b>	<b>316009</b>

## Framtidsutsikter

Viktigaste oppgåva for selskapet vil i framtida òg vera drift, vedlikehald og optimal produksjonsplanlegging av kraftanlegga slik at dei gir det beste resultat på kort og lang sikt i høve til tilsig og marknadsvariasjonar. At det nye kraftverket i Matre har god tilgang og funksjonalitet vil i denne samanheng vera viktig. Det aukar selskapet si verdiskapinga framover gjennom større inntekter og meir effektiv drift.

Med Blåfalli Vik i drift er nærare 200 GWh av kraftpotensialet i Generalplanen for Blådalsvassdraget realisert. I utgangspunktet hadde denne planen eit potensiale på 300 GWh, men opprettinga av Folgefonna nasjonalpark i 2005 reduserte dette med vel 40 GWh. Det største gjenstående enkeltprosjektet nå er overføring frå Eikemo, med eit potensiale på 65 GWh. I tillegg til å arbeide vidare med prosjekta i generalplanen vil ein òg sjå på ein revisjon av planen.

I tillegg til vidare arbeid med ny produksjon i Blådalsvassdraget, satsar SKL på utbygging av småkraft. Selskapet er engasjert i mange mulige prosjekt, og tek mål av seg til å auke dette engasjementet i åra framover. SKL satsar òg på fornybar og miljøvennleg vindkraft, og har saman med andre kraftselskap på Vestlandet etablert Vestavind Kraft AS.

Ser ein framover i tid er det liten tvil om at rein og fornybar energi vil vere preferert som følgje av miljørekneskapen. Verdien av miljøvennleg energi vert påverka av internasjonale og nasjonale krav til reduserte klimautslepp og prisane på fossilt brensel. Utsiktene framover for SKL sin kraftproduksjon, som utelukkande er rein og fornybar vasskraft, er såleis svært gode.



A close-up photograph of a hand holding a clear glass filled with water. The glass is held in a way that the water level is visible. The text '20%' is written in a bold, green, sans-serif font across the middle of the glass. The background is a soft, out-of-focus natural setting with light and greenery.

20%

Opninga av Bláfalli Vik kraftverk, til erstatning for to eldre kraftverk, gjorde at vi her har auka kraftproduksjonen med over 20 % utan nye inngrep i naturen.

# Nett

## Generelt om nett

Kraftnettet er underlagt monopolkontroll, og er rekneskapsmessig delt i sentralnett, regionalnett og distribusjonsnett.

SKL kjøpte distribusjonsnettet i Stord frå BKK med verknad frå 1. januar 2007, og fekk med det eit nytt nettnivå.

Driftsresultatet for nettdrifta før skatt vart 25,3 mill kr i 2007, fordelt med 23,8 mill kr på sentral- og regionalnettet (27,8 mill kr i 2006) og 1,5 mill kr på distribusjonsnettet.

Gjennom regionalnettet vart det i 2007 transportert 2178 GWh, som er 7 % meir enn føregåande år. I distribusjonsnettet vart det transportert 208 GWh fordelt på 8009 kundar.

## Sentralnettanlegg

SKL eig og driv 300 kV kraftleidningar og 300/66 kV transformatorstasjonar. Desse anlegga er utleigd til Statnett SF og inngår i sentralnettet.

*SKL har pr. 31.12. 2007 i drift:*

300 kV luftlinjer	79,6 km
300 kV kablar	17,2 km

*I transformatorstasjonane har vi ei samla yting på dette nettnivået på:*

300/66 kV	580 MVA
-----------	---------

## Regionalnettanlegg

SKL eig og driv eit omfattande regionalnett i Sunnhordland og Nord-Rogaland. Nettet er kopla opp mot sentralnettet i Blåfalli, Husnes, Stord, Spanne og Håvik.

På regionalnettsnivå har selskapet samankopling i sør mot Haugaland Kraft. Mot nord og BKK har ein ikkje tilknytning på dette nettnivået.

Regionalnettet vert i hovudsak drive med 66 kV spenning, men det er òg nokre 22 kV anlegg.

*SKL hadde 31.12. 2007 i drift:*

300 kV luftlinjer	2,3 km
66 kV luftlinjer	328,2 km
66 kV kablar	35,1 km
22 kV luftlinjer	22,5 km
22 kV kablar	9,7 km

*SKL er eigar og medeigar i 20 transformator- og koplingsstasjonar. Samla yting for transformatorane er:*

66/22 og 66/11/5 kV	397 MVA
22/22 kV	30 MVA

## Distribusjonsnett

*Distribusjonsnettet er lokalisert innanfor Stord, og SKL hadde 31.12. 2007 i drift:*

lågspent linjenett	205 km
høgspent linjenett	61 km
lågspent kabel	248 km
høgspent kabel	115 km

I distribusjonsnettet inngår 299 fordelingstransformatorar med ei samla yting på 112 MVA.

## Drift, vedlikehald og nyanlegg for regional- og sentralnettet

*I tillegg til ordinær drift og vedlikehald på sentral- og regionalnettanlegga har det i 2007 vært ekstra fokus på følgjande område og prosjekt:*

- 66 kV linje Stord – Langeland skule sett i drift
- Nytt overbygg Vabakkjen transformatorstasjon i Stord
- Utskifting av kjølarane på 300 kV trafo på Håvik i Karmøy
- Nye distansevern på Langeland transformatorstasjon
- Revisjon av 20 stk 66 kV effektbrytarar
- Nøyaktig kartlegging av sjøkabelanlegga
- Gjennomført ROS analyser på sjøkablar og pumpestasjonar


A man with brown hair and a mustache, wearing a high-visibility yellow and blue work jacket, is holding up his right hand. The number "0,0015" is written in blue on his palm. The background is a blurred white and grey structure.

0,0015

Minimal feilmargin: SKL har trygge og gode kraftnett. Resultatrapporten frå 2007 viser at vi oppnådde ein regional leveringstryggleik på heile 99,9985 %.



### Energitransport i regionalnettet 2006 og 2007 (GWh)



#### Forbruk og energitransport i regionalnettet i 2007

Samla levering til regionalnettkundene våre i 2007 var 2178 GWh eksklusive nettap, noko som er ein auke på 7 % i høve til 2006. Nettapet utgjorde 50,9 GWh, tilsvarande 2,3 %.

#### Maksimallast

Høgaste maximallast for 2007 i regionalnettet vart registrert i time 9 den 12. desember, til 415 MW, inkludert tap i nettet. Småkraftproduksjon som vert mata inn i distribusjonsnettet inngår ikkje i dette talet.

#### Kraftsystemutgreiing for Sunnhordland og Nord-Rogaland

SKL er planansvarleg selskap for regionalnettet i Sunnhordland og Nord-Rogaland. Kraftsystemutgreiinga vert revidert årleg innan 1. juni, og gjort tilgjengeleg på SKL si heimeside på internett.

#### Drift, vedlikehald og utbygging av distribusjonsnettet i Stord

I tillegg til ordinær drift og vedlikehald på distribusjonsnettet har det i 2007 vært ekstra fokus på følgjande område og prosjekt:

- Ny 22 kV hovudkabel Podlen – Valvatna med nye nettstasjonar
- Ny 22 kV hovudkabel Krekjen – Ådland (sjukehuset) med nye nettstasjonar
- Utviding av nettet i samband med utvikling av Heiane industriområde

I distribusjonsnettet vart det transportert 208 GWh fordelt på 8009 kundar. Nettapet utgjorde 14,3 GWh, tilsvarande 6,5 %.

## Driftsforstyringar

### Sentral- og regionalnettet:

I 2007 vart det registrert 10 driftsforstyringar i regionalnettet, mot 19 året før. Av desse førte 3 til avbrot i forsyninga med eit totalt leveringstap (ILE) på 31,6 MWh, mot 12,0 MWh året før. Alle avbrot i regionalnettet skuldast komponentsvikt.

### Distribusjonsnettet:

I 2007 vart det registrert 43 driftsforstyringar i distribusjonsnettet. Desse medførte eit nettap (ILE) på 50,7 MWh. Av desse var 24 i tida 13. – 15. januar som fylgje av orkanen Per.

I tillegg var det 35 planlagde og varsla avbrot som medførte eit nettap (ILE) på 11,8 MWh.

	2007	2006	2005
Inntektsrama medrekna nettap	122 227 *	95 592	86 717
Sal av nettenester	237 849	177 839	210 320
Kjøp av nettenester	129 883	79 207	89 999
<b>Sum</b>	<b>107 966</b>	<b>98 632</b>	<b>120 321</b>
Løn og andre personalkostnader	33 803	16 738	18 648
Andre driftskostnader	18 344	16 350	11 066
Avskrivningar	27 001	20 564	21 031
Sum driftskostnader	79 148	53 652	50 745
<b>Driftsresultat</b>	<b>28 818</b>	<b>27 860</b>	<b>25 367</b>

\* Frå og med 2007 inngår distribusjonsnettet i Stord.

## Vidare arbeid og framtidsutsikter

Viktige oppgåver framover vil vera å optimalisera drift og vedlikehald, ha tilfredsstillande avkastning samtidig som leveringstryggleiken vert ivaretatt og gjennomføre tiltak for å bidra til selskapsmessig og regional utvikling. SKL arbeider også aktivt for vere ein attraktiv samarbeidspartnar i samband med utbygging, drift og vedlikehald av nye nettanlegg ved utbygging av ny kraftproduksjon i regionen.

Overtakinga av distribusjonsnettet i Stord frå og med 2007 gir selskapet nye utfordringar då ein gjennom det har fått eit nytt nettnivå, men det gir også nye muligheter både internt og mot regionale samarbeidspartnarar.

Vurdert utifrå dagens situasjonen ligg forholda godt til rette for ei fortsett positiv utvikling.

# Anna verksemd

## Breiband

SKL starta i 2005 utbygging av fiberbasert breiband til privatmarknaden i Stord. Gjennom fiberen leverer SKL innhaldstenester frå Lyse Tele med internett, telefon, TV og videoleige. Målsetjinga er 60 % dekning av eit teoretisk kundepotensial på 7000.

Utbygginga av breibandet i 2007 har halde fram med same høge aktivitet. Salet ligg stabilt på 60 % av teoretisk kundemasse, og ved utgangen av året er det 1665 selte kontaktar. Framdrift på oppkopling av kundar har variert noko gjennom året, grunna ynskje om å hente ut synergieffektar med distribusjonsnett og naturgassutbygginga. Slike felles grøfter tar lengre tid, og resultatet vart 620 nye oppkople kundar mot eit budsjett på 700.

Drifta av SKL breiband går svært bra både teknisk og økonomisk sett. Den tekniske løysninga som Lyse Tele leverer viser seg svært stabil. For inneverande år har det ikkje vore noko form for stopp verken på noder eller overføringslinjer. Dei få kundemelde feila er oftast i samband med oppkopling av ny kunde.

## IKT eksterne tenester

SKL eig og driv omfattande datanettverk for fjernkontroll og for administrative system. Som ein synergieffekt av dette er SKL i dag leverandør til regionale e- verk, med sal av system og tenester som fjernkontroll, kunde- og kartinformasjonssystem (KIS og NIS), Internett, økonomi, løn osv.

SKL leiger òg ut fiber og plass for innplassering av utstyr i radiolinjestasjonar.

Satsing på sal av relevante tenester til eksterne kundar i regionen vert vidareført.

## Naturgassdistribusjon

SKL naturgass har i 2007 tilsett 2 personar i 2007. Utbygging av naturgassnettet har tatt til, og gjennom året vart det lagt ned om lag 3000 meter gassrør. Det vert ut synergjar ved at selskapet driv fleirfagleg med breiband, strømkablar og gassleidning i same grøft. Resultatet vart rimelegare grøftekostnader for det enkelte forretningsområdet, og ikkje minst mindre graving for innbyggjarane. Leveranseavtalar av gass er på plass med fleire kundar, og for tidlegleveranse vert propan nytta fram til naturgassleidningen kjem fram.

LNG-terminalen som skal forsyna Stord med naturgass er lagt til Eldøyane Næringspark. Tanken vart sett i bestilling i 2007 og er planlagt ferdig for idriftsetjing hausten 2008.

## DLE

Styresmaktene har tydeleg signalisert at ein vil auka innsatsen for el-tryggleik. Etter å ha overtatt ansvaret for el-tryggleiken i Stord frå og med 2007 er dette no eit satsingsområde for SKL. Kompetansen vert styrka, og det er gjort avtalar om samarbeid med fleira av dei andre nettselskapa i regionen.

## Alarm

SKL har på kontrakt utført drift, service, installasjonar og vektarteneste for BKK si alarmverksemd i Stord og Fitjar.

## Veglys

SKL har i 2007 hatt drift og vedlikehald av alt veglys i Stord.





ELEKTRISITET

NATURGASS

Vi ønskjer å tilby kundane fleksible energiløysingar, og satsar på naturgass som eitt av alternativa til elektrisitet. I 2007 la vi tre kilometer med gassrør på Stord. Dei første leveransane er planlagde hausten 2008.

# Styret si årsmelding

## Verksemda

Sunnhordland Kraftlag AS (SKL) sin forretningsidé er å drive produksjon, omsetning og overføring av energi på ein slik måte at selskapet er konkurransedyktig, lønsamt og serviceinnstilt. I den grad SKL går inn i nye forretningsområde skal det vere særleg relevante aktivitetar for utnytting og vidareutvikling av kompetanse og teknologiske ressursar i selskapet.

SKL sin kraftproduksjon skjer i Hordaland fylke. Hovuddelen av produksjonen er lokalisert i Matre i Kvinnherad kommune, der fleire stasjonar nyttar vassressursane i Blådalsvassdraget. SKL har ein kraftstasjon i Fusa, to mindre stasjonar i Stord og er medeigar (8,75 %) i Sima kraftverk i Eidfjord. Middelproduksjon i desse stasjonane er 1625 GWh. SKL deltek dessutan i Sauda gjennom ein eigardel på 15 % i Saudefaldene AS.

SKL si nettverksemd er lokalisert til Sunnhordland og Nord-Rogaland. SKL er eigar/medeigar i linjer og transformatorstasjonar som inngår i sentralnettet (300 kV), og selskapet har driftsansvaret for desse anlegga. SKL eig og driv regionalnettsanlegga (66 kV) i Sunnhordland og delar av tilsvarande anlegg i Nord-Rogaland. Som del av nettanlegga har SKL store kabelanlegg for fjordkryssingar både på 300 kV og 66 kV nivå.

SKL kjøpte på slutten av 2006 distribusjonsnettet i Stord, og 2007 har vore fyrste året der SKL har vore netteigar og driftsansvarlig for distribusjonsnettet. SKL drifta dette nettet også i 2005 og 2006, då for tidligare eiar BKK Nett. I samanheng med distribusjonsnettet driv selskapet òg ein del relaterte tenester i Stord. Breiband gjennom fiber og distribusjon av naturgass er slike aktivitetar.

SKL har ein driftssentral lokalisert i Stord for overvaking og styring av produksjons- og nettanlegg. Som del av denne har selskapet eigne kommunikasjonsanlegg bygd opp rundt 6 radiolinjestasjonar i området. Som tilknytt aktivitet har SKL teke del i og gjort investeringar

i utbygginga av radiolinjesamband og fiberoptisk samband mellom Bergen og Stavanger. SKL er såleis eigar av infrastruktur som vert nytta for sal av tenester til teleoperatørar.

## Vidare drift

Årsoppgjeret er avlagt under føresetnad om vidare drift av selskapet. Styret stadfestar at føresetnaden framleis er til stades.

## Arbeidsmiljø og personale

Ved utgangen av 2007 hadde SKL 108,2 årsverk, mot 109,4 året før. I tillegg kjem 4 lærlingar. I løpet av året er 10 personar tilsett i selskapet. 6 fast tilsette og 2 midlertidig tilsette har slutta i løpet av året. Det er i fleire omgangar gått ut med generelt førtidspensjonstilbod til dei over 62 år. Ved siste årsskifte var 4 personar omfatta av avtale om førtidspensjonering, og av desse har 3 tilsette slutta i løpet av 2007.

SKL har sidan 2002 vore IA- bedrift og hatt avtale om Inkluderande Arbeidsliv. Selskapet har vidare etablert ein livsfasetilpassa personalstrategi, med heilskapeleg fokus på faktorane helse, motivasjon, kompetanse og livsfase. Målsetjinga er i samarbeid med den enkelte tilsette, dei tilsette sine organisasjonar, bedriftshelseteneste og trygdeetat både å redusere sjukefråværet og legge til rette for at den enkelte tilsette kan stå lengre i arbeid før uttak av pensjon.

I 2007 hadde SKL 2 mindre skadar hjå tilsette som medførte skadefråvær, dette gav ein H1-verdi lik 9,56. Samla sjukefråvær var 3,05 %, mot 2,14 % i 2006.

SKL har kvalitetsleiar med ansvar mellom anna for HMS, og står tilslutta Sunnhordland HMS-teneste. Arbeidsmiljøutvalet (AMU) hadde 4 møte i 2007. AMU har 3 representantar frå dei tilsette og 3 frå arbeidsgjevaren. I tillegg møter representant frå Sunnhordland HMS-teneste. Kvalitetsleiaren er sekretær for AMU, der faste saker



Kunde-  
service

Resultatrapporten från 2007 visar at **85 %** av alle telefonkunderar oppnådde kontakt inann **30 sek.**



er internkontrollarbeidet, oppfølging av sjukefråvær og overtid, samt arbeidsrelaterte ulukker, skadar og andre uønska hendingar. Vidare har AMU til handsaming instruksar og rapportar frå HMS- tenesta og årsrapporten til arbeidstilsynet.

### Likestilling

Ved utgangen av året hadde SKL 108,2 årsverk fordelt på 113 tilsette. Av dei tilsette er 91 menn (89,6 årsverk) og 22 kvinner (18,6 årsverk). Med unntak for administrasjon og service er SKL si verksemd knytt til område der menn generelt i arbeidslivet er i sterk overvekt. Det er kvinne i ei av leiarstillingane.

Styret har 8 medlemmer, fordelt med 5 aksjonærvalde, 1 utpeika av Hordaland fylkeskommune og 2 valde av dei tilsette. Styret er samansett av 7 menn og 1 kvinne. SKL har innretta si verksemd slik at ho ikkje er i strid med likestillingslova.

### Det ytre miljø

Selskapet sin største aktivitet – utnyttning av vassdrag til produksjon av energi – gjeld produksjon av ei miljøvennleg vare. Produksjon av vasskraft har miljømessige fordelar framfor andre former for energiproduksjon. Men også utbygging og drift av vasskraftanlegg medfører inngrep i naturen og påverkar miljøet. Største betydning i den samanheng er dei inngrepa som gjeld regulering av vassdrag i form av endra vassføring og magasinering.

SKL er opptatt av å førebyggje og avgrense negative miljøkonsekvensar av verksemda, mellom anna gjennom tiltak i samband med vassdrags- og konsesjonsvilkår som selskapet er underlagt.

Sjølve produksjonsprosessen medfører ikkje negativ påverknad av det ytre miljø. Det vert nytta PCB-fri olje i alle transformatorar og andre oljehaldige komponentar. Det er bygd oljegruver for oppsamling av olje ved ein eventuell lekkasje for alle transformatorane, og desse vert vedlikehaldne med omsyn til tettleik.

300 kV sjøkabelanlegga over Hardangerfjorden og Bømlafjorden er utstyrte med oljetrykksanlegg, og lekkasjar frå desse vil føre til umiddelbart utslipp i sjøen. Anlegga har kontinuerlig overvakning.

Det har i 2007 ikkje vore konkrete hendingar som har gitt utslipp eller skadar på det ytre miljøet.

### Om drifta

Drifta har i 2007 gått som planlagt utan store driftsstansar.

For **kraftproduksjonen** har produksjonsutstyret hatt god tilgjengelegheit, med ei oppetid på 99,7 %. Regulerings- og produksjonsanlegga vert haldne i god stand. Det vert gjennomført reinvesteringar og oppgraderingar i eksisterande anlegg i samsvar med plan for slike utbetringar. Produksjonen i 2007 var særdeles god grunna nedbør på 4054 mm (42,5 % meir enn normalt), samt tilsig på 34,3 % over normalen. Samla årsproduksjon vart 2251 GWh, som er ny produksjonsrekord.

For **kraftomsetninga** har marknaden i 2007 vore prega av relativt lave prisar, spesielt rundt sommaren var prisane lave, mot slutten av året steig prisane noko. Gjennomsnittleg systempris var 22,4 øre per kWh, mot 39,1 øre per kWh året før. SKL driv noko handel med finansielle kontraktar, medan hovudvolumet av kraft vart seld til løpande marknadspris (spot). Områdeprisen var 20,6 øre pr. kWh. Faktisk oppnådd pris var i 2007 19,9 øre per kWh inklusive pris på nettap, sal av konsesjonskrafta og godtgjering til Hordaland fylke.

Nettdrifta vart i 2007 utvida med distribusjonsnettet i Stord kommune etter overtakinga frå BKK. I sentral- / regionalnettet vart det registrert 10 driftsforstyringar, av desse førte 3 til avbrot i forsyninga. I distribusjonsnettet vart det registrert 43 driftsforstyringar der 24 skuldast orkanen Per som herja 13. -15. januar. Det er utført vanlege tilsyns- og vedlikehaldsoppgåver i netta samt nokre nybygg og reinvesteringar. Transportert energimengde i regionalnettet for 2007 var 2178 GWh, ein auke på 7 % frå 2006.

Gjennom året har det vore stor **investeringsaktivitet** i varige driftsmidlar, totalt 149 mill. kroner. Det klart største enkeltprosjektet har vore arbeidet med ny kraftstasjon Blåfalli Vik, der det i året er investert 75 mill. kroner. Blåfalli Vik vart ferdigstilt våren 2007, og total investering var då 540 mill. kroner. På nettanlegga har den største enkeltinvesteringa vore ny 66 kv linje frå Litlabø til Bjelland med ei investering på 5 mill. kroner. Utbygging av breiband i Stord har halde fram, og det er gjort investeringar på 15 mill. kroner gjennom året.

Dessutan er fleire mindre investeringsprosjekt gjennomført i 2007. Den store investeringsaktiviteten har lagt beslag på store interne personalressursar og gjort at året under eitt har vore prega av svært høg aktivitet.

SKL har i 2007 gjennom sitt medeigarskap i Saudefaldene AS i tillegg delteke i opprustinga av vasskraftprosjekta i Sauda.

## Om årsrekneskapen

### Resultat

Rekneskapen for 2007 syner ei omsetning på 703,1 mill. kroner, eit resultat før skatt på 326,3 mill. kroner og eit overskott etter skatt på 266,3 mill. kroner. Samanliknande overskott etter skatt for 2006 var 230,0 mill. kroner. Bokført skattekostnad i 2007 utgjer 60 mill. kroner, men betalbar skatt for året utgjer likevel 93,1 mill. kroner. Auke i utsett skattefordel grunnrenteskatt reduserer skattekostnaden for året (skatteinntekt).

Resultatet etter skatt er vesentlig over budsjett for året, og 36,3 mill. kroner over resultatet etter skatt for 2006. Endring i resultat frå i fjor skriv seg særleg frå desse forholda:

- Høg produksjon, men lave prisar gjennom året gav ein reduksjon i salsinntekter av energi på 69,6 mill. kr.
- Auke i driftskostnader (personalkostnader, avskrivningar, eigeidoms-skatt mm) reduserer resultatet med 41,8 mill. kr. Auken må sjåast i samband med at 2007 er første året der tall for distribusjonsnettet er inkludert.
- Auka finanskostnader som følge av auka rentekostnader (Blåfalli Vik idriftsett) og lavare utbytte frå Saudafaldene AS gav ein reduksjon i resultatet på 29,4 mill. kr.
- Auka nettramme, inkludert distribusjonsnettet, gav ein auke i samla overføringsinntekter med 35 mill. kr.
- Svakare resultat før skatt, nedlegging av Blåfalli 1 & 2, samt endra vurdering av utsett skattefordel for Eikelandssosen gav redusert skattekostnad med 150 mill. kr.

For nettverksemda er tillatt ordinær inntektsramme inntektsført og resultatet av kvalitetsjustert inntektsramme (KILE – Kompensasjon for ikkje levert energi) er teken inn i rekneskapen for 2007. Ved utgangen av 2007 er det bokført ei meirinntekt på 7,2 mill. kroner i balansen.

Driftsresultat for nettverksemda i 2007 utgjer 28,8 mill. kroner – ein avkastning på 6,3 % på nettkapitalen.

For SKL som kraftprodusent vil resultatene vere særleg følsame for endringar i tilsig/produksjonsmengde, og ikkje minst for svingingar i kraftprisar. Grunna tilsig frå Folgefonna er ikkje SKL utsett for tilsigssvikt i tørrår som andre produsentar. I 2007 hadde SKL gode tilsig, og hadde ved utgangen av året større magasin enn normalt. Handteringa av risiko er ei prioritert oppgåve. Det er definert rammer for risikoprofilen både for kraftomsetninga og finansforvaltninga.

### Balanse og likviditet

SKL sine bokførte anleggsverdiar samsvarer med historisk kostpris og avskrivningar for anlegga.

Selskapet har som strategi å sikre langsiktig finansieringsbehov (til investeringar) med trekkrettar, og å nytte kapital frå drifta løpande til investeringar eller til nedbetaling av trekkrettar. Av den grunn har selskapet låg likviditetsgrad, og ved årsskiftet vert arbeidskapitalen negativ grunna bokført stor avsetning av utbytte komande år. Ein likviditetsgrad på 0,64 ved årsskiftet må sjåast i ein slik samanheng, og er i samsvar med planlagte handlingar frå selskapet si side.

Selskapet sin soliditet er god, og eigenkapitaldelen på 40,8 % av bokførte historiske verdiar gir ei sunn finansiering av selskapet sine anleggsmidlar. Dei reelle verdiar i selskapet sine produksjonsanlegg er langt større enn bokførte verdiar. Eigenkapitalen er forsvarleg ut frå risiko ved og omfang av verksemda i selskapet.

### Kontantstraum

Selskapet har ein kontantstraum frå drifta på 179 mill. kroner. Likviditeten er 55,5 mill. kroner betre ved dette årsskiftet samanlikna med 2006. Dette skjer etter totale investeringar på 152 mill. kroner, auke i lånegjelda på 257 mill. kroner og utbetaling av utbytte på 228 mill. kroner.

Avlagt rekneskap gir eit reelt bilete av verksemda for året. Det har ikkje skjedd forhold etter avlegging av årsrekneskapen som har særleg betydning for rekneskapen for 2007.

### Framtidig utvikling

Framtidig inntening og finansiell stilling vert vurdert som god både på kort og lengre sikt. For SKL tilseier langtidspan og langtidbudsjett at

selskapet kan vente ei god økonomisk utvikling dei næraste åra. Dette trass i at kraftbransjen må operere under lite stabile rammevilkår. Uavklarte spørsmål som heimfall og innføring av støtteordningar for ny kraftproduksjon er døme på rammevilkår som påverkar selskapet sin framtidige utvikling. Det same er den sterke skatteskjerpinga i 2007 for grunnrenteskatten.

Størst uvisse for økonomiske resultat framover vil framleis knyte seg til resultatata frå kraftproduksjonen. Dette skuldast uvisse knytt først og fremst til pris, men og til mengder. Aktørane på kraftmarknaden er framleis svært kortsiktige, slik at det er uvisse for dei framtidige prisane. Likevel ser det ut til at prisnivået framover vil ligge høgare enn i 2007. Nivået på kraftprisane og avvik i årlege tilsig vil gje dei største utslaga på dei framtidige resultatata for selskapet.

Nettdrifta sine økonomiske rammer for reguleringsperioden frå 2007 er nye. Dei nye rammevilkåra legg opp til effektivitetsmålingar, samanlikning med andre nettselskap, og ei samanstilling av inntektsramme som både byggjer på eigne kostnader og kostnadsnorm for bransjen. Dette fører til større uvisse om framtidige inntekter og gjer oss avhengige av ikkje berre eigen utvikling, men òg korleis bransjen utviklar seg. Det kan tyde på at det vil bli stramme inntektsrammer, noko som vil krevje ei vidare tilpassing av drifta for å få tilfredsstillande avkastning på nettkapitalen.

Når det gjeld utviding av selskapet sine aktivitetar, har SKL sitt hovudfokus innan kraftproduksjon. Selskapet har difor i fleire år arbeidd aktivt for realisering av ny lønsam kraftproduksjon. Bygging av kraftstasjonen Blåfalli Vik er ferdig. Dette er det største investeringsprosjektet for selskapet nokon gong, som har gitt auke i både effekt og energi. Sauda-utbygginga er starta opp, eit prosjekt som vil gje omlag 500 GWh ny produksjon. SKL arbeidar med konkrete prosjekt for realisering av småkraftverk. Selskapet er dessutan godt i gong med breibandsutbygging i Stord. Engasjement innan gassdistribusjon i Stord er i startfasen, og deltaking i vindutbyggingsmarknaden gjennom eigarskap i Vestavind Kraft AS gir òg interessante utsikter.

Selskapet har god soliditet, og drifta genererer stor positiv kontantstraum som sikrar likviditetssituasjonen. Alle vedtekte nye investeringar har tilfredsstillande lønsemd og kontantstraum, og er sikra finansiering. SKL forventar òg eit godt resultat i 2008. SKL er

open for samarbeid med andre aktørar i regionen med siktemål å vidareutvikle selskapet og sikre fortsatt gode resultat dei neste åra.

For å tilfredstille krava frå styresmaktene om å skilja nettverksemd frå kraftproduksjon skal SKL konsernorganiseras med verknad frå 01.01.09. Selskapet har starta prosessen som skal leie fram til konsernet SKL.

### Finansiell risiko

Selskapet har ei bevisst haldning til handtering av finansiell risiko. Verksemda er kapitalintensiv, med nye investeringar og behov for nye låneopptak, samstundes som eksisterande lån skal refinansierast. Likviditetsrisikoen må difor handterast. Selskapet har kraftanlegg med evigvarande produksjon og sal av kraft. Handteringa av marknadsrisikoen er difor viktig.

SKL står ovanfor følgjande marknadsrisiko:

- Prisisiko knytt til dagens og framtidig sal av eigenproduisert kraft.
- Valutarisiko for sal av kraft.
- Renterisiko knytt til låneportefølje og inntektsramme for nettverksemda.

Kraftmarknaden er kortsiktig, med lite likviditet i produkt utover 3 års løpetid. Selskapet vil difor for middelproduksjonen på 1625 GWh vere eksponert for nivå og endringar i nivå på framtidig kraftpris og verdien av Euro mot norske kroner.

Med all kraftproduksjon basert på vasskraft vil tilgang på vatn og produksjonsevne variere frå år til år. For SKL, som har Folgefonna i sitt nedslagsfelt, vil breen representere ein utjamnande effekt i desse årlege variasjonane. Volumrisikoen vert difor vurdert som noko mindre for SKL enn for bransjen generelt.

